

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 11.06.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 4/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

Sak 020/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 021/13 Skriv og meldingar.
Sak 022/13 Val av eining til orientering i kontrollutvalet.
Sak 023/13 Oppfølgingsliste 4-2013 Førde.
Sak 024/13 Eventuelt.

Førde, 31.05.2013.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)



Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

020/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 31.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.06.2013	020/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

021/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 31.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.06.2013	021/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 13-13: Årsrekneskap og Årsrapport for 2012, KRYSS-revisjon, datert 13. mars. 2013
- SM 14-13: Innkalling til ordinær generalforsamling for Sogn og Fjordane teater L/L, måndag 10. juni 2013
- SM 15-13: Bystyresak 023/13 «Årsrekneskap og årsmelding 2012», den 25.04.2013
- SM 16-13: Brev frå KRYSS-revisjon til SEKOM-sekretariat – «Kontrollutvalet i Førde, KU-sak 016/13 – Uttale frå kontrollutvalet 12.04.13, årsrekneskapen Førde kommune», datert 6. mai 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Eigarkommunane til KRYSS Revisjon
v/Kommunestyret / Bystyret

*Kopi: Kontrollutval
v/SEKOM*

Dykkar ref.:
Samarbeidsavtale

Vår ref.:
Årsrekneskap 2012

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
071 / 2013

Dokumentdato:
22. mai 2013

ÅRSREKNESKAP OG ÅRSRAPPORT FOR 2012, KRYSS REVISJON

Vedlagt oversender vi revidert årsrekneskap for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon – for 2012. Vi sender også vedlagt Samstyret sin Årsrapport for 2012.

Desse dokumenta er handsama av både Arbeidsutvalet (17.04.13) og Samstyret (14.05.13) i KRYSS Revisjon, og er samrøystes fastsette og godkjende slik dei no ligg føre. Til orientering er desse dokumenta også oversendt til kontrollutvalet sitt sekretariat, SEKOM-Sekretariat, slik at desse dokumenta også som informasjon til den einskilde eigarkommune sitt kontrollutval.

Møteboka og særutskrifter frå sakene i Samstyret sitt møte den 14.05.13 er oversendt kommunane i eigen ekspedisjon.

Vi legg også ved oppdatert representantoversikt for dei styrande organ i KRYSS Revisjon.

Er det spørsmål til dokumenta, kan De ta kontakt enten med undertekna, med Styreleiar Trygve Jacobsen; tlf. mobil: 41 53 07 30, eller kommunen sin representant i Samstyret.

Dette til orientering.

Med helsing


KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD
Terje Førde
Dagleg leiar.

VEDLEGG:

- v Rekneskap 2012, KRYSS Revisjon m/vedlegg
- v Årsrapport 2012 for KRYSS Revisjon
- v Representantoversikt ajourført pr. mai 2013.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Representantoversikt - SAMSTYRET OG ARBEIDSUTVALET I KRYSS-REVISJON, funksjonstid 2011 - 2015									
Kommunerevisjonen for kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord - KRYSS REVISJON									
Konstituerande møte i Samstyret den 12. jan. 2012; etter vedtak/val i Kommunestyra/Bystyra i deltakarkommunane i perioden oktober - desember månad 2011. Jfr. Vedtekter for samarbeidet og Samarbeidsavtale kommunane imellom; vedtekte den. 2.desember 2004 - Dagleg leiar/Revisjonssjef: Terje Førde									
Representantoversikt: Kontorkommune/Forretningsadresse: Førde kommune, Hafstad. 23/25, 2. etg., Postb. 487, 6801 Førde									
Kommune:	Representant:	Namn:	Adresse:	Telefon privat:	Telefon arb.	Mobiltelefon	E-post-adresse:	Medl. Arb.	Utvalet
Askvoll	Representant:	Jorunn Ringstad	Askvoll	57 73 02 78		99 24 52 91	jorings@online.no	A	A
	Vararepr.:	Ruben Fedøy	Bulandet						
Bremanger	Representant:	Charlotte Melvær Skjølberg	6727 Bremanger	57 79 41 13	57 79 11 11	48 00 05 79	charlotte75@hotmail.no	1.vA	
	Vararepr.:	Kjartan Wiik	Davik	57 79 48 98		91 73 16 20			
Fjaler	Representant:	Geir Magne Tessen	Postboks 11	57 73 62 16		41 42 22 63	geir.tessem@online.no		
	Vararepr.:	Johnny Haugsbakk	Flekke	57 73 64 20					
Flora	Representant:	Tore Jakob Madsen	Firdavn 54G, 6900 Florø	57 74 85 77		41 10 82 65	tore.iakob.madsen@gmail.com	A	
	Vararepr.:	Vidar Grønnevik	Hans Blomgt. 33, 6900 Florø	57 74 20 24		90 54 41 18	vidar@vili.no		
Førde	Representant:	Trygve Jacobsen	Mo	57 72 53 56	57 65 64 42	41 53 07 30	trygve.jacobsen@sfi.no	A	
	Vararepr.:	Norunn Ulvedal	Klopstad/Erdal, 6800 Førde	57 82 02 67		99 22 85 23			
Gaular	Representant:	Kari Birkeland		57 71 15 16	90 58 22 69		kari-i-b@online.no	A	
	Vararepr.:	Kjerstin Haugsbø	Gjytten	57 71 72 60	91 55 11 41				
Gulen	Representant:	Jenny Norunn Nordal	Dalsbygda 352	57 78 31 70	56 34 47 18	91 55 84 85	kielhn@online.no	3. vA	
	Vararepr.:	Lars Atle Larsen	Ånneland			90 63 73 51	lars.a.l@frisurf.no		
Hyllestad	Representant:	Unni Systaddal				48 17 91 60	unni.systaddal@havvard.com	2.vA	
	Vararepr.:	Frode Akse		6958 Sørbøvåg					
Jølster	Representant:	Audun Høyvik	Hus	57 72 81 17		90 56 27 27	audhoev@online.no		
	Vararepr.:	Johannes Juklestad	Årdal	57 72 72 09			juklestad@online.no		
Naustdal	Representant:	Øystein Djupvik	Naustdalslia	92 63 19 63	92 63 19 63	92 63 19 63	oystein@djupvik@gmail.com		
	Vararepr.:	Viggo Leikanger	Geila 14			48 00 48 04			
Solund	Representant:	Birger Hjønnvåg		57 78 67 94		48 03 90 10	sonja.hjonnevag@eninvest.net	A	
	Vararepr.:	Anne Kari Reigstad		6924 Hardbakke		48 26 33 52			
obs ! Repr. Merka med A (siste kolonne) utgjør Arbeidsutvalet (5 repr. valgt i møte 12.01.12) + 1., 2., 3. vA = Vararepr. Arb.utvalet (rekrut.)									

Samstyremedlemmane i KRYSS Revisjon
Eigarkommunane i KRYSS Revisjon

Dykkar ref.:
Årsrekneskapen 31.12.2012

Vår ref.:
F:\rekneskap2011\Årsrapport2012\tf13

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
020 / 2013

Dokumentdato:
13. mars 2013

ÅRSRAPPORT 2012

for
Kommunerevisjonen
i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS REVISION

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 23/25, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

1. ORGANISERING

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (forkorta til *KRYSS Revisjon*) vart etablert 01.01.2005. Revisjonssamarbeidet er organisert etter Kommuneleova § 27, som interkommunalt samarbeid, med eigen samarbeidsavtale mellom 11 deltakarkommunar; *Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund*. Det er vedteke eigen samarbeidsavtale og det er oppretta og vedteke egne vedtekter, samt fleire reglement for driftinga av revisjonssamarbeidet. Samarbeidsavtalen har 12 månaders oppseingstid, og samarbeidsavtalen gjeld fram til den eventuelt blir sagt opp av ein av partane.

KRYSS Revisjon er deltakarkommunane (eigarkommunane) si eiga kunnskaps- og rådgjevingssbedrift med spisskompetanse på offentleg forvaltning generelt, og på kommunal forvaltning spesielt. Verksemda er tilpassa kommunane og dei offentlege, heileigde eller deleigde verksemdar, i eigarkommunane innafor regionane Ytre Sogn og Indre og Ytre Sunnfjord.

Revisjonssamarbeidet kan tilby følgjande tenester til kommunane/oppdraga :

- Rekneskapsrevisjon
- Reell og formell forvaltningsrevisjon
- Selskapskontroll og eigarskapskontroll
- Overordna analyse
- Særattestasjonsordningar/Attestasjonsoppdrag
- Rådgjevingstenester innafor
 - Kommunalt rekneskap og kommunal/offentleg økonomi
 - Kommunal og interkommunal (offentleg) forvaltning
 - Interkommunalt samarbeid (IKS-lovverket m/forskrifter)
 - Kommunale føretak og særbedrifter
 - Kyrkjelege fellesråd, sokneråd, stiftingar og legat
 - Finansforvaltning
 - Sosialtenesta/Kommunehelsetenesta m/klientrekneskap i institusjon og PU
 - Overformynderi, verge-/hjelpesvergerrekneskap (Vergemålslova)
 - Hamnevesen, Hamne- og farvannslova
 - Spelemiddelrekneskap/Tilskotsformidling
 - Prosjektrekneskap/Byggjerekneskap m/Lov om offentlege anskaffelsar
 - Tilskotsrapportering
 - Meirverdiavgiftregelverk (meirverdiavgiftslova)
 - Momskompensasjonsregelverk (momskompensasjonslovverket)
 - Offentlege/Kommunale refusjonsordningar, m.v.; særlovgevinga, etc.

1.1 Styrande organ:

KRYSS Revisjon vert leia av eit styre, med nemninga *Samstyret*. Samstyret består av 11 representantar; ein frå kvar av deltakar-/eigarkommunane, der kvar representant har ei stemme. Oppgåvene til Samstyret går fram av *vedtektene* for revisjonssamarbeidet. I tillegg er det vedteke ein eigen instruks for Samstyret sitt virke.

Konstituerande møte for inneverande kommunevalperiode vart halde den 12. januar 2012.

Samstyret har i 2012 vore samansett slik:

Faste medlemmar i Samstyret:

Trygve Jacobsen, Førde kommune, Styreleiar
 Jorunn Ringstad, Askvoll kommune, Nestleiar
 Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger kommune, Medlem
 Geir Tessem, Fjaler kommune, Medlem
 Tore Jakob Madsen, Flora kommune, Medlem
 Kari Birkeland, Gaular kommune, Medlem
 Laila S. Nyhammer, Gulen kommune, Medlem
 Unni Systaddal, Hyllestad kommune, Medlem
 Audun Høyvik, Jølster kommune, Medlem
 Øystein Djupvik, Naustdal kommune, Medlem
 Birger Hjønevig, Solund kommune, Medlem

Personlege vararepresentantar:

Norunn Ulvedal
 Ruben Fedøy
 Kjartan Wiik
 Johnny Haugsbakk
 Vidar Grønnevik
 Kjerstin haugsbø
 Lars Atle Larsen
 Frode Akse
 Johannes Juklestad
 Viggo Leikanger
 Anne Kari Reigstad

Det er oppretta eit eige *Arbeidsutval* på 5 medlemmar. Arbeidsutvalet har i 2012 vore samansett slik:

Styreleiar Trygve Jacobsen, Førde
Nestleiar Jorunn Ringstad, Askvoll
Medlem Kari Birkeland, Gaular
Medlem Laila S. Nyhammer, Gulen
Medlem Tore Jakob Madsen, Flora

Varerepresentantar (rekkefølge):

1. Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger
2. Birger Hjønevåg, Solund
3. Unni Systaddal, Hyllestad

Funksjonstida til dei valde representantane er samsvarande med kommunevalperioden. Det er Samstyret sjølv som avgjer Arbeidsutvalet si samansetting. Ettersom det nye Samstyret konstituerte seg etter kommunevalet hausten 2011, først den 12.01.12, vart det valt nytt Arbeidsutval frå same dato. Både Samstyret og Arbeidsutvalet har hatt full funksjonstid sidan nyvalet fann stad den 12.01.12.

1.2 Rekneskapsforar og Revisor:

Rekneskapen til KRYSS Revisjon vert ført innafor Førde kommune sin programvare. Fagansvarleg for rekneskapen er *rekneskapssjef* Terje Guddal i Førde kommune. Rekneskapen vert revidert av *Kommunerevisjonen i Nordfjord*, v/revisjonssjef Markvard Sunde, Stryn.

1.3 Administrativ organisering:

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon – er organisert etter ein desentralisert organisasjonsmodell med 3 regionskontor. Organisasjonsstrukturen inneber eitt regionskontor i Hyllestad kommune (Kommunehuset i Hyllestad), eit regionskontor i Flora kommune (2. etg. i Strandgt. 43 i Florø), og hovudkontor i Førde (Førdetunet i Hafstadvegen 23/25 i Førde). Dagleg leiar/revisjonssjefen opererer innafor heile regionen, men med mest fordeling på kontora i Førde og Flora. Ein medarbeidar ved Førde-kontoret (50 % stilling) gjekk over i pensjon frå 31.12.2012, og stillinga er utvida, lyst ledig og det vil bli føreteke tilsetting i 2013.

2. DRIFTA I 2012 – Det åttande driftsåret for KRYSS Revisjon

2.1 Bemanningssituasjon :

KRYSS Revisjon har hatt ei bemanningsplan på 7,5 årsverk, fordelt på 8 medarbeidarar sidan starten i 2005. Verksemda ser no ut til å ha funne si form med oppgåvefordeling og effektiv ressursutnytting, men einskilte stillingsheimlar har vore hardt belasta arbeidsmessig. Med omsyn til tal oppdrag og arbeidsoppgåver elles må ein stadig vurdere oppgåveomfanget og ansvarsfordeling medarbeidarane imellom. Verksemda er sårbar ved sjukefråvær og vakansar i stillingar. Samstyret har i samband med budsjettvedtaket for 2013 vedteke å utvide personalressursane frå 7,5 til 8 årsverk.

Det ligg utfordringar i det omfang og dei oppgåver som kjem frå kommunane sine kontrollutval når det gjeld bestillingar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette vil det alltid måtte vere eit sterkt fokus på. Sameleis må vi vurdere ressursane når arbeidsoppgåver og oppdraga fell ifrå, på same måten som når nye oppdrag er aktuelle å ta opp i portefølgjen eller sentrale myndigheiter gjennom nye regelverk initierer nye oppgåver som vert lagt til den kommunale revisjon.

2.2 Dagleg leiar-rolla:

Dagleg leiar førestår sekretariatetsfunksjonen for dei styrande organ i KRYSS Revisjon. Han er revisjonssamarbeidet sin administrasjonssjef og i tillegg er han verksemda sin revisjonssjef, som har det overordna, revisjonsfaglege ansvaret. Han nyttar delar av si arbeidstid til overordna revisjonsplanlegging med rullering, oppdatering, oppfølging og implementering av den praktiske revisjonsmetodikk.

Forutan leiing og administrering av den daglege drifta av verksemda har dagleg leiar ei operativ rolle innafor finansiell revisjon for fleire oppdrag. Rådgjevingstenestene frå dagleg leiar og det øvrige personalet er etterspurt og etter kvart blitt omfangsrikt, og femnar ikkje berre dei 11 deltakarkommunane, men eit fagleg mangfald innafor mange regelverk, for heile oppdragsportefølgjen til KRYSS

Revisjon. Dagleg leiar og dei øvrige medarbeidarane søkjer å ha nærheit til den reviderte, ved å vere til stades i og kommunikasjon med kommunane og oppdraga gjennom samtaler og dialog, og har også møter med både administrasjonen og kontrollutvala. Møteplikta i kommunestyra/bystyra blir etter vår oppfatning ivareteke på ein god måte.

2.3 Revisjons- og rådgjevingstenestene, ekstern kvalitetskontroll :

Den eksterne kvalitetskontrollen har saman med fagleg oppdatering og eit stort engasjement frå alle tilsette bidrege til nytenking og nyskaping i måtar å løyse revisjonsoppgåvene på. Det er fokus på stadig å bli betre og for å etterleve etterutdannings- og fagleg ajourhold-kravet til einkvar medarbeidar. Det er lagt vekt på fagsamlingar, arbeidsmøter, personalmøter og faglege oppdateringar, der alle medarbeidarane tek del. Teamarbeid er eit nøkkelord og ein styrke, som det vil det måtte vere fokus på framover også. Dette samarbeidet vil vere ein kontinuerleg prosess og ei styrking av KRYSS Revisjon si *merkevarebygging*. Dei tilsette har sett stor pris på *styreleiar sitt engasjement* i dette arbeidet.

KRYSS Revisjon skal framstå som eigarkommunane si eiga kunnskaps- og rådgjevingssbedrift med spisskompetanse på kommunal forvaltning, og som i tillegg til å sikre nærleik til fagmiljø, også skal ivareta og sikre kommunane sin tilgang til denne. Dette inneber at KRYSS Revisjon til eikvar tid skal yte dei tenester som kommunane etterspør, til ein stabil, forutsigbar og konkurransedyktig pris, med eit forholdsvis langsiktig og økonomisk stabilt perspektiv. Det er vår oppfatning at KRYSS Revisjon nyter stor respekt og tillit i dette både frå kommunane og dei andre oppdraga.

KRYSS Revisjon er underlagt *ekstern kvalitetskontroll av ekstern tilsynsmyndighet*; både for det som gjeld utøvinga av *finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon*. Kontrollar viser at kommunerevisjonen i all hovudsak driv i samsvar med *internasjonale revisjonsstandarder* og innafor *god revisorskikk og god kommunal revisjonsskikk*. Rapportar frå ekstern kvalitetskontroll blir førelagt dei styrande organ. Som ein del av tilsynsfunksjonen til kontrollutvala overfor kommunerevisjonen, vert desse rapportane også førelagt kommunane sine kontrollutval.

2012 har på mange måtar vore eit veldig spesielt år, med *ei lei sak* som gjekk i media over mange månader. Samstyret sine vedtak kring den konkrete saka har ikkje late seg effektuere slik eit samrøystes Samstyre har kravd. Etter KRYSS Revisjon si oppfatning burde kommunen dette gjeld, ha handtert denne saka på ein heilt annan måte enn det som fekk lov til å skje over mange månader i 2012. Det er verd å merke seg at kommunestyret i vedkomande kommune har uttrykt full tillit til KRYSS Revisjon i to samrøystes vedtak i løpet av 2012.

2.4 Møteaktivitet, saker, m.v. :

Det er i 2012 halde 4 møter i Samstyret og 2 møter i Arbeidsutvalet. Det er handsama 29 saker i Samstyret og 12 saker i Arbeidsutvalet. Vi nemner her saker kring konstitueringa for ny valperiode, perioderapportar, årsrapport, årsrekneskap og årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan, mål og strategiplan, opplæringsplan, kontorlokaler hovudkontoret, tariffoppgjeret, driftsavtale IKT og møteplaner, m.v.

Vi nemner her nokre av dei sentrale styringsdokument som er vedtekne av Samstyret :

- ✶ Mål og strategiplan for KRYSS Revisjon
- ✶ Økonomi- og handlingsplan
- ✶ Økonomireglement
- ✶ Godtgjerdslereglement
- ✶ Opplæringsplan
- ✶ Arbeidsreglement
- ✶ Tilsettingsreglement
- ✶ Instruks for Samstyret
- ✶ Instruks for dagleg leiar
- ✶ Lønspolitisk utviklingsplan

Møtestadane har rullert mellom kontorstadane, Førde, Hyllestad og Florø. Dagleg leiar fungerer som møtesekretær før, under og etter møta.

2.5 Produksjonsresultat og økonomisk/rekneskapsmessig resultat for 2012:

2.5.1 Produksjon av revisjonstenester, forvaltningsrevisjon, m.v.:

Alle rekneskapar, og alle særattestasjonsoppgåver, er handsama av revisjonen *utan ugrunna opphald*, og det er vår oppfatning at einkvar revisormedarbeidar har strekt seg langt for å etterleve dei fristar som har vore sett, når fristane har vore korte og arbeidsmengda har vore stor.

Dei målsettingar som er forankra i mål og strategiplanen er i all hovudsak nådd i løpet av driftsåret. Det er KRYSS Revisjon si oppfatning at kommunane er godt nøgde med dei revisjons- og rådgjevingstenester og dei forvaltningsrevisjonsrapportar som er levert i 2012. Tilbakemeldingane frå kommunane har vore utelukkande positive i forhold til det som er levert.

Vi meiner det er riktig å peike på det forventningsgap ein over tid har opplevd mellom det omfang av forvaltningsrevisjonar som har vore bestilt og det som har vore mogleg å levere innafor tidsplan og det rammeverk (ressursar) som er lagt i budsjetta. Vi viser til tidlegare årsrapportar kring dette. I løpet av 2012 er det bestilt og levert overordna analyser for dei fleste kommunar. Det har kravd mykje ressursar på slutten av 2012 og inn i 2013, og er ein ressursbruk som er ein del av det ein har lagt opp til å 'serve' kontrollutvala med. Kontrollutvala vil utfordre oss med omsyn til nye bestillingar av konkrete forvaltningsrevisjonsoppgåver framover.

2.5.2 Økonomisk/rekneskapsmessig resultat, m.v.:

Rekneskapen for 2012 balanserer med kr. 7.111.191,22. Det må her takast omsyn til kompensérbar moms med kr. 175.370,91, og interne finanstransaksjonar (underskotet) med kr. 117.571,28. Differansen mellom driftsutgifter og driftsinntekter utgjer kr. 117.571,28. Beløpet er i rekneskapen framført som udekka meirforbruk (underskot) ved årsskiftet. Dette vert forklart ved bl.a. ei vesentleg meirkostnad på pensjonskostnadene og auken i reguleringspremien overfor KLP. Pensjonsutgiftene viser åleine ei budsjettoverskriding på ca kr. 230.000,-. Det vert vist til noteopplysningane kring dette i rekneskapen for 2012. Ein viser elles til dei spesifiserte utskriftene frå årsrekneskapen for 2012 og dei vedlegg som følgjer den. Den kommunevise spesifikasjonen av revisjonshonorara for 2012 går fram av eigen Note 15 til årsrekneskapen. Dagleg leiar har gjort greie for korleis meirkostnaden i 2012 kan dekkast inn. Dette er omtala i Note 14, og det vil bli førelagt eigen sak kring dette overfor Samstyret i samband med rekneskapsgodkjenninga for 2012.

2.5.3 Direkte ressursbruk overfor deltakarkommunane i 2012:

I 2012 er det utført ca. 7,3 årsverk i KRYSS Revisjon. I forhold til budsjett og bemanningsplan har ein stort sett hatt full bemanning, med det er registrert mindre og kortare sjukefråvær, og ein medarbeidar har hatt redusert stilling i form av omsorgspermisjon periodar gjennom året. Arbeidsmessig har ein periodisk måtte justere arbeidsoppgåvene noko bl.a. etter særskilde funn, og etter tingingar frå kontrollutvala. Oppgåver har også måtte utsettast/forskyvast i tid. Ressursbruken overfor kommunane er teke inn i saka kring årsrekneskapen for 2012. Framskaffing av dokumentasjon og vitneforklaringar i Terra-saka overfor lokal og sentral domstol medførte ein ikkje ubetydeleg ressursbruk i førstninga av året. Også ein annan sak i ein av deltakarkommunane tok mykje ressursar utover i 2012. Desse sakene har vore ekstraordinært belastande og ressurskrevjande for KRYSS Revisjon i 2012. Denne delen av ressursbruken vil bli førelagt dei styrande organ som eigen sak; ut frå kommunelova § 27 og særskilde vedtekter for Samstyret sitt ansvar for fordeling av utgiftene på kommunane.

I gjennomsnitt - med fråtrekk av lovfesta ferie, bevegelege helligdagar, interntid, reisetid, fellestid, kurs m.v., vil 7,5 årsverk i operativ drift kunne gje vel 10 000 timar. Dette må sjåast på som mogleg fakturerbar tid. Prosentfordelinga går fram av tabellen nedanfor; jamfør det som er nemnt i note til rekneskapen. Det er marginale (minimale) endringar i forhold til fordelinga for 2011 og det som låg inne i budsjettdokumentet for 2012. Note 15 viser ressursbruken på eigarkommunane.

Tabell A: Ressursfordelinga overfor deltakarkommunane, - %-andel for kvar kommune:

Kommune:	Askvoll	Brem	Fjaler	Flora	Førde	Gaular	Gulen	Hyllest	Jølster	Naustd	Solund	Sum
%-andel	8,054	10,005	9,953	11,211	11,412	8,933	9,903	8,048	8,697	7,178	6,606	100,00

Tabellen over inngår i berekningsgrunnlaget for oppgjeret med kommunane; jamfør note 14 og 15 til rekneskapen. (Det må her også takast omsyn til at kommunane Bremanger og Flora har fleire kommunale føretak kvar, som blir fakturert direkte etter registrert timeforbruk av revisjons- og rådgjevingstenester i året). Det må takast omsyn til dette når ein samanliknar med andre kommunar for 2012. Forvaltningsrevisjon og alle særattestasjonar og særskilde revisjonsuttaler, samt kvalitetssikring av finansforvaltningsreglement for kommunar, og utarbeiding av overordna analyse for kommunar i 2012, er inklusive i bruttofordelinga.

3. UTØVINGA AV REVISJONSARBEIDET

I etableringsdokumenta for revisjonssamarbeidet står det at kommunen skal ha ein revisjon som har *nærheit* til kommunen, *hyppige besøk* i kommunen, og at ein skal vere *lett tilgjengelege* for brukarane av dei kommunale revisjons- og rådgjevingstenester. I det daglege prøver dei tilsette å ha tett og god dialog med den reviderte, samstundes som det vert vektlagt å ha god internkommunikasjon/-dialog revisormedarbeidarane imellom.

I tillegg til kommunane sine rekneskap, omfattar revisjonssamarbeidet revisjon og rådgjeving overfor dei kommunale føretak, særbedrifter, interkommunale samarbeid (IKS og § 27-samarbeid), kyrkjelege fellesråd, sokneråd, overformynderi, verje-/ hjelpeverjerekneskap, klient-/ pasientmiddelrekneskap ved institusjonane/PU-omsorga i kommunane, stiftingar, legat, fonds, m.v., som deltakarkommunane er involverte i. Forutan den tradisjonelle finansielle revisjon (stadfesting av økonomisk informasjon) omfattar det løpande revisjonsarbeid ei rekke særattestasjonsordningar som i sum krev mykje ressursar. Vi nemner her spesielt momskompensasjonsregimet, som krev at det skal utførast særattestasjon for alle refusjonskrav for alle kommunar/verksemdar, som inngår i momskompensasjonsordninga. Slike krav vert normalt framsett 6 gonger i året (annankvar månad), og revisor innestår for at dei framsette krav ikkje inneheld vesentlege feil. Vi nemner her også særattestasjonsordninga kring *særleg ressurskrevande brukarar* i kommunane, *antal PU-klientar, spelemiddelrekneskap*, og andre økonomirapporteringar i høve tilskot/ økonomitilsagn, som krev revisorattestasjon på rapporteringa, m.m. Forvaltningsrevisjon er omfangsrik og har eit mangfald som over tid har kravd større ressursar enn kva vedtekne budsjett har gjev rom for, og kva som har vore planlagt på budsjettstadiet. Dette er eit ansvar som også kviler på bestillarrolla; først og fremst ved kontrollutvala og deira sekretariat. Det er avsett to årsverk til forvaltningsrevisjon/-kontroll i KRYSS Revisjon.

Utover bestillingar frå kontrollutvala på 'ordinære' forvaltningsrevisjonar, fekk vi særbestilling på kvalitetssikring av fleire kommunar sine reglement og rutinar kring finansforvaltninga. I tillegg er det utarbeidd overordna analyser for dei fleste kommunane i 2012. Desse arbeida medførte ein stor ressursbruk som kom i tillegg til alle andre gjeremål. Dette er oppgåver som ikkje var planlagde då ressurstilgangen og disponeringane vart lagde. Den kommunale revisjon er forankra i Kommunelova av 25.09.92, med seinare endringar, Kap. 12, §§ 77 -78. Det ligg føre eigen *forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar* av 15.06.2004, som stiller klare krav til revisjonen sine oppgåver og ansvar. Det er lovpålagt årlege krav til etterutdanning og fagleg ajourhold for å kunne opptre i den offentlege/ kommunale revisjon. Det er stilt spesiell krav til den overordna revisjonsfaglege ansvarlege; dvs. dagleg leiar/revisjonssjefen. Desse krava er absolutte både for revisormedarbeidaren og revisjonssjefen. Det er vedteken eigen opplæringsplan som stettar krava til fagleg ajourhold for revisormedarbeidarane i KRYSS Revisjon sitt virke. Av dette følgjer også at det vil ligge inne årlege budsjettløyvingar i revisjonssamarbeidet sine årsbudsjett.

4. ANDRE FORHOLD

Likestilling:

Revisjonssamarbeidet har ivareteke likestillingskravet på tilfredsstillande vis når det gjeld tilsettingsforholda. Ved utgangen av driftsåret er det tilsett 3 mannlege medarbeidarar, alle i 100 % stilling (= 3 årsverk), medan det er tilsett 4 kvinnelege medarbeidarar, som representerer 4 årsverk. Ein person (kvinne) gjekk av med pensjon frå årsskiftet 31.12.12.

Deltakarkommunane har, kvar for seg, valgt representantar til Samstyret. Av dei 11 representantane i Samstyret er 7 menn og 4 kvinner. Ser ein på lista over vararepresentantar er forholdet 4 kvinner og 7 menn. Samstyret har valgt Arbeidsutval, som består av 3 menn og 2 kvinner, med vararepresentantar 1 kvinne og 2 menn. Nyval er føretekt 12.01.12, då det nye Samstyret konstituerte seg etter kommunevalet.

Skadar/ Sjukefråvær:

Det har ikkje vore skadar eller ulukkar i 2012. I 2012 har ein medarbeidar vore ute i delvis redusert stilling over tid. Ein medarbeidar var tilsett på arbeidsavtale ut mars og vart fast tilsett frå 01.04.12. Det er registrert heilt/delvis sjukefråvær i eitpar kortare perioder, men forøvrig er sjukdomsfråvær innafor systemet med eigenmelding og arbeidsgjevarperioden.

Ordinært sjukefråværet er svært lavt (under 1 %). Refundert sjukepengeløn gjenspeiler ovannemnde i rekneskapen.

Fagleg ajourhold:

Fagleg ajourhold er i stor grad utført i samsvar med ønskjer frå den/dei tilsette, innafor dei prioriteringar som ligg i vedtekte budsjett for året, og elles i samsvar med vedteken opplæringsplan for KRYSS Revisjon. Opplæringsplanen blir rullert årleg og samsvarar med økonomien til dette i kvart års årsbudsjett. Året 2012 viser at dei tilsette tilfredsstiller dei krav som er stilt til det årleg faglege ajourhold.

Representasjon:

Norges Kommunerevisorforbund:

Verksemda har bedriftsmedlemskap i *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF). NKRF er den faglege instansen som offentleg revisjon i Norge; heri kommunerevisjonen, sorterer inn under. Alle tilsette i KRYSS Revisjon har medlemskap i NKRF.

KRYSS Revisjon har ei bedriftsstemme, og kvar av dei tilsette har ei stemme kvar (personstemme) ved deltaking på NKRF sitt årlege Årsmøte. Alle tilsette og einskilte styremedlemmar har abonnement på NKRF's fagtidsskrift "Kommunerevisoren".

Kari Sygna er tillitsvald/tilsettereprerentant i KRYSS Revisjon. Frå våren 2010 har dagleg leiar i KRYSS Revisjon, Terje Førde, vore innvald i fylkesstyret for NKRF avd. Sogn og Fjordane. Han er også nytta som foredragsholder på ulike konferansar; bl.a. økonominettverket i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og på andre fagsamlingar kring kommunalt rekneskap/økonomi og revisjon, samt folkevaldopplæringane i fylket.

KRYSS Revisjon er medlem i *KS Bedrift*. Dette er *Kommunenes Sentralforbund* sin bedriftsorganisasjon; som bl.a. bistår i arbeidsgjevarrolla i forhold til løns- og personalspørsmål. KS Bedrift er også ein faginstans som gjev råd og rettleiing innafor økonomi, jus, løn/personal, m.m., og som er nytta ein del innafor både administrasjon/drift av verksemda, og fagområder i den kommunale forvaltning, samt i problemstillingar og spørsmål innafor intern kontroll, finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon.

Underskrifter:

Til underskrift:

Vi godkjenner med dette
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord
- KRYSS Revisjon -
sin Årsmelding
for 2012.

Stad: Førde

Dato: 31. desember 2012
13. mars 2013

(Vedteken av Samstyret
i møte 14. mai 2013)

Trygve Jacobsen (sign):
Styreleiar (Førde kommune)

Jorunn Ringstad (sign):
Nestleiar (Askvoll kommune)

Unni Systaddal (sign):
Medlem (Hyllestad kommune)

Charlotte Melvær Skjølberg (sign):
Medlem (Bremanger kommune)

Geir Magne Tessem (sign):
Medlem (Fjaler kommune)

Tore Jakob Madsen (sign):
Medlem (Flora kommune)

Kari Birkeland (sign):
Medlem (Gaular kommune)

Jenny Norunn Nordal (sign.):
Medlem (Gulen kommune)
(nyvald i 2013, for Laila S.Nyhammer)

Audun Høyvik (sign.):
Medlem (Jølster kommune)

Øystein Djupvik (sign.):
Medlem (Naustdal kommune)

Birger Hjønnvåg (sign.):
Medlem (Solund kommune)

Terje Førde (sign.)
Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon

Trygve Jacobsen

Jorunn Ringstad

Charlotte Melvær Skjølberg

Geir Magne Tessem

Tore Jakob Madsen

Kari Birkeland

Jenny Norunn Nordal

Audun Høyvik

Øystein Djupvik

Birger Hjønnvåg

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 48 / 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dykkar ref.:

Vår ref.:

F:\Rekneskap\Årsrekneskap12/tf13

Arkivkode:

210&14

Journalnr.:

038 / 2012

Dokumentdato:

13. mars 2013

ÅRSREKNESKAPEN

2012

FOR



Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevision.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevision.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevision.no

ÅRSREKNESEKAP FOR 2012 FOR KRYSS REVISJON

Art Konto	Art- Kontonemning	Årsrekneskap 31.12.2011	Årsbudsjett 2012	Årsrekneskap 31.12.2012
10100	Løner i faste stillingar	4 495 814,48	4 160 000,00	4 052 794,09
10200	Vikar-løner			
10500	Anna løn	5 680,21		451,00
10509	Trekkpliktig bilgodtgjerdse	49 837,50	48 000,00	47 625,00
10800	Møtegodtgjerdse	20 551,30	20 000,00	45 086,40
10801	Styreleiargodtgjerdse	35 000,00	35 000,00	35 000,00
10850	Tapt arbeidsinntekt		25 000,00	5 283,55
10903	Pensjonsinnskott KLP	648 005,43	612 000,00	841 957,28
10905	Gruppeliv/Ulukkesforsikring	10 391,00	9 000,00	12 403,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	510 958,46	440 000,00	533 803,89
11000	Kontormateriell	19 963,26	30 000,00	19 001,16
11001	Kopieringsutgifter	12 720,76	15 000,00	12 588,20
11007	Faglitteratur, abonnement	24 861,00	13 000,00	22 062,07
11150	Servering i møter	16 653,09	8 000,00	21 018,24
11200	Anna forbruksmaterieil	42 842,82	25 000,00	26 947,11
11202	Diverse utgifter	2 578,31		1 646,33
11207	Velferdstiltak tilsette	5 580,50	8 000,00	11 387,00
11208	Forbruksmaterieil	1 430,00		13 339,41
11300	Post, bank, telefon	4 453,40	35 000,00	4 517,49
11301	Bankgebyr	840,50		1 612,50
11303	Telefonutgifter	57 401,28	46 000,00	75 877,71
11305	Porto og frankering	10 642,38		2 526,44
11400	Annonseutgifter	6 730,00		10 608,70
11500	Fagleg opplæring	141 146,81	130 000,00	113 154,06
11502	Hotellopphold opplæring	3 115,00		780,00
11600	Reise-, Skyss-/diett-utgifter	144 534,72	185 000,00	146 317,60
11650	Andre oppgåvepl ytingar			
11651	Telefongodtgjerdse		8 000,00	4 000,00
11700	Transportutgifter	265,50		
11702	Ikkje oppgåvepl utgifter	36 020,88	60 000,00	37 425,41
11703	Drift av leigebil	43 653,82	45 000,00	53 699,86
11704	Vedlikehald transportmiddel	15 367,20		
11705	Refusjon utlegg reiser	2 008,81		9 764,55
11706	Årsavgifter og forsikring bil	16 950,00		8 795,00
11800	Straum/Elektrisitet	33 659,57	30 000,00	12 328,19
11850	Forsikring utstyr mv	19 501,50	15 000,00	9 861,00
11855	Yrkesskadeforsikring	3 963,00	12 000,00	4 251,00
11900	Husleigeutgifter	327 841,64	300 000,00	292 738,20
11950	Avgifter, gebyr, lisensar, o.l.			4 200,00
11956	Kontingent til KS	20 000,00	20 000,00	0,00
11957	Kontingent SYS IKL	18 420,87	66 000,00	35 845,20
11959	Kontingent NKRF	63 862,00	60 000,00	80 755,00
12001	Inventar og utstyr	98 811,40	50 000,00	71 560,40
12101	Leige av transportmiddel	67 364,00	70 000,00	116 450,78
12306	Vedlikehald inventar/utstyr	65 171,60	5 000,00	5 486,40
Overføring til side 2		7 104 594,00	6 585 000,00	6 804 949,22

ÅRSREKNESKAP FOR 2012 FOR KRYSS REVISJON

Art Konto	Art- Kontonemning	Årsrekneskap 31.12.2011	Årsbudsjett 2012	Årsrekneskap 31.12.2012
Overføring frå side 1		7 104 594,00	6 585 000,00	6 804 949,22
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktm			2 047,20
12405	Vedlikehald IKT/EDB		18 000,00	33 245,60
12600	Vask og reinhald	46 271,59	25 000,00	27 511,29
13500	Rekneskapsføring	33 600,00	34 000,00	34 000,00
13505	Revisjonstenester	9 600,00	12 000,00	10 080,00
14290	Meirverdiavgift	175 739,39		175 370,91
14500	Overføring kommunane	323 755,20		
14900	Reserverte tilleggsløyvingar		50 000,00	0,00
15001	Morarenter	980,00		1 650,00
15209	Eigenkapitalinnskott KLP	24 837,00		22 337,00
15400	Avsetningar fri kapital	250 000,00		
15800	Årsoverskot	0,00		
	SUM UTGIFTER	7 969 377,18	6 724 000,00	7 111 191,22
16200	Diverse refusjonar	0,00		
16500	Avgiftspliktig omsetning	131 499,95	146 000,00	150 500,00
17100	Refusjon sjukepengar	20 072,00		14 282,00
17101	refusjon fødselspengar	458 986,00		-13 783,00
17290	Meirverdiavgift	175 739,39		175 370,91
17500	Refusjonar kommunar	5 989 050,00	6 152 000,00	6 152 000,00
17505	Refusjonar interkommunale selskap			1 675,00
17700	Overføringar frå andre	133 637,00	50 000,00	228 329,03
17800	Refusjonar særbedrifter	221 000,00	365 000,00	241 000,00
19009	Renteinntekter	57 850,00	11 000,00	44 246,00
19300	Disp tidl. års årsoverskot	464 399,63		
19400	Bruk av avsetningar	159 355,20		
19400	Bruk av disposisjonsfondet	157 788,01		
	SUM INNTEKTER	7 969 377,18	6 724 000,00	6 993 619,94
	Differanse inntekter - utgifter 2012	0,00	0,00	117 571,28
19800	Netto driftsresultat, underskot 2012			117 571,28
	Akkumulert balansering, utgifter			7 111 191,22
	Akkumulert balansering, inntekter			7 111 191,22
				0,00

Det vert vist til dagleg leiar sine kommentarar til årsrekneskapen for 2012;
jfr. 'Årsrapporten for 2012 for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord'

Førde, 31. desember 2012/13. mars 2012


Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Konto	Konto(T)	Teneste	Teneste(T)	Beløp	Revidert buds	Opprinneleg b	Budsjettendring
10100	Fast løn	11050	Revisjon	4 052 794,09	4 160 000,00	4 160 000,00	0,00
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	11050	Revisjon	451,00	0,00	0,00	0,00
10504	Ikkje i bruk	11050	Revisjon	4 000,00	0,00	0,00	0,00
10509	Trekkpliktig km-godtgjersle	11050	Revisjon	47 625,00	0,00	0,00	0,00
10800	Godtgjersle folkevalde	11050	Revisjon	80 086,40	20 000,00	20 000,00	0,00
10801	Godtgjersle leiara råd/utval/styre	11050	Revisjon	0,00	35 000,00	35 000,00	0,00
10850	Tapt arbeidsinntekt	11050	Revisjon	5 283,55	25 000,00	25 000,00	0,00
10903	Pensjonsinnskott - KLP	11050	Revisjon	841 957,28	612 000,00	612 000,00	0,00
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	11050	Revisjon	12 403,00	9 000,00	9 000,00	0,00
10990	Arbeidsgevaravgift	11050	Revisjon	533 803,89	440 000,00	440 000,00	0,00
11000	Kontormateriell	11050	Revisjon	19 001,16	30 000,00	30 000,00	0,00
11001	Kopieringsmateriell	11050	Revisjon	12 588,20	15 000,00	15 000,00	0,00
11007	Faglitteratur	11050	Revisjon	22 062,07	13 000,00	13 000,00	0,00
11150	Matvarer	11050	Revisjon	21 018,24	8 000,00	8 000,00	0,00
11200	Samlepost anna forbruksmaterieill/råvare	11050	Revisjon	26 947,11	25 000,00	25 000,00	0,00
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	11050	Revisjon	1 646,33	0,00	0,00	0,00
11207	Velferdstiltak tilsette	11050	Revisjon	11 387,00	8 000,00	8 000,00	0,00
11208	Forbruksmaterieill	11050	Revisjon	13 339,41	0,00	0,00	0,00
11300	Post, banktenester, telefon	11050	Revisjon	4 517,49	35 000,00	35 000,00	0,00
11301	Bankgebyr	11050	Revisjon	1 612,50	0,00	0,00	0,00
11303	Telefon	11050	Revisjon	75 877,71	46 000,00	46 000,00	0,00
11305	Porto og frankering	11050	Revisjon	2 526,44	0,00	0,00	0,00
11400	Annonse, reklame og informasjon	11050	Revisjon	10 608,70	0,00	0,00	0,00
11500	Opplæring, kurs/seminar	11050	Revisjon	113 154,06	130 000,00	130 000,00	0,00
11502	Hotellopphald opplæring/kurs løn	11050	Revisjon	780,00	0,00	0,00	0,00
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm o	11050	Revisjon	146 317,60	160 000,00	160 000,00	0,00
11601	Reiseutgifter styret	11050	Revisjon	0,00	25 000,00	25 000,00	0,00
11650	Andre oppgåvepliktige godtgjersler	11050	Revisjon	0,00	48 000,00	48 000,00	0,00
11651	Telefongodtgjersle	11050	Revisjon	0,00	8 000,00	8 000,00	0,00
11702	Skyss - særskilte føremål	11050	Revisjon	37 425,41	60 000,00	60 000,00	0,00
11703	Drivstoff	11050	Revisjon	53 699,86	45 000,00	45 000,00	0,00
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	11050	Revisjon	9 764,55	0,00	0,00	0,00

11706	Årsavgift og forsikring for transportmidde	11050	Revisjon	8 795,00	0,00	0,00	0,00
11800	Energi	11050	Revisjon	12 328,19	30 000,00	30 000,00	0,00
11850	Forsikringar og utgifter til vakthald og sik	11050	Revisjon	9 861,00	15 000,00	15 000,00	0,00
11855	Yrkesskadeforsikring	11050	Revisjon	4 251,00	12 000,00	12 000,00	0,00
11900	Leige av lokale og grunn	11050	Revisjon	292 738,20	300 000,00	300 000,00	0,00
11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	11050	Revisjon	4 200,00	0,00	0,00	0,00
11956	Kontingent KS	11050	Revisjon	0,00	20 000,00	20 000,00	0,00
11957	Lisensar	11050	Revisjon	35 845,20	66 000,00	66 000,00	0,00
11959	Kontingentar	11050	Revisjon	80 755,00	60 000,00	60 000,00	0,00
12001	Inventar og utstyr	11050	Revisjon	71 560,40	50 000,00	50 000,00	0,00
12101	Leasing av transportmidde	11050	Revisjon	116 450,78	70 000,00	70 000,00	0,00
12306	Vedlikehald inventar og utstyr	11050	Revisjon	5 486,40	5 000,00	5 000,00	0,00
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeister	11050	Revisjon	2 047,20	0,00	0,00	0,00
12405	Reparasjon av utstyr	11050	Revisjon	33 245,60	18 000,00	18 000,00	0,00
12600	Reinhald- og vaskeritenester	11050	Revisjon	27 511,29	25 000,00	25 000,00	0,00
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	11050	Revisjon	34 000,00	34 000,00	34 000,00	0,00
13505	Kjøp av tenester frå interkommunale eini	11050	Revisjon	10 080,00	12 000,00	12 000,00	0,00
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til moms	11050	Revisjon	175 370,91	0,00	0,00	0,00
14900	Reserverte løyvingar/avsetningar	11050	Revisjon	0,00	50 000,00	50 000,00	0,00
15001	Morarenter	11050	Revisjon	1 650,00	0,00	0,00	0,00
15209	Utlån	11050	Revisjon	22 337,00	0,00	0,00	0,00
16500	Anna avgiftspliktig sal av varer, tenester i	11050	Revisjon	-150 500,00	-146 000,00	-146 000,00	0,00
17100	Sjukelønsrefusjon frå folketrygda	11050	Revisjon	-14 282,00	0,00	0,00	0,00
17101	Refusjon fødselspengar	11050	Revisjon	13 783,00	0,00	0,00	0,00
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	11050	Revisjon	-175 370,91	0,00	0,00	0,00
17500	Refusjon frå kommunar	11050	Revisjon	-6 152 000,00	-6 152 000,00	-6 152 000,00	0,00
17505	Refusjon interkommunale selskap	11050	Revisjon	-1 675,00	0,00	0,00	0,00
17700	Refusjon frå andre (private) m/opdg	11050	Revisjon	-228 329,03	-50 000,00	-50 000,00	0,00
17800	Refusjon frå føretak og bedrifter i eigen k	11050	Revisjon	-241 000,00	-365 000,00	-365 000,00	0,00
19000	Renteinntekter	11050	Revisjon	0,00	-11 000,00	-11 000,00	0,00
19009	Renteinntekter	11050	Revisjon	-44 246,00	0,00	0,00	0,00
19800	Rekneskapsmessig meirforbruk	11050	Revisjon	-117 571,28	0,00	0,00	0,00
1100	Fellesstyrer			0,00	0,00	0,00	0,00


Driftsrekneskap Kryss Revisjon 2012					
	Rekneskapskjema 1 Driftsrekneskapen	Rekneskap 2012	Reg.budsj.	Oppr.budsj.	Rekneskap 2011
	Inntekter				
1 600-659	Aktivitetar, tiltak	-150 500,00	-146 000,00	-146 000,00	-131 499,95
2 660-679	Sal av driftsmidlar/fast eigedom				
3 700-789	Refusjonar/overføringar	-6 798 873,94	-6 567 000,00	-6 567 000,00	-6 998 484,39
4 790	Interne overføringar				
5 800-829	Statlege tilskot				
6 830-839	Refusjon Førde kommune				
7 840-859	Tilskot				
8 860-879	Gåver, sponsor inntekter				
9	Sum driftsinntekter	-6 949 373,94	-6 713 000,00	-6 713 000,00	-7 129 984,34
	Utgifter				
10 010-099	Løn og sosiale utgifter	5 578 404,21	5 301 000,00	5 301 000,00	5 776 238,38
11 100-299	Kjøp av varer og tenester	1 289 349,10	1 327 000,00	1 327 000,00	1 374 627,21
12 300-389	Revisjon, rekneskapsføring	44 080,00	46 000,00	46 000,00	43 200,00
13 390	Kalk.utg. ved komm. tj.yting				
14 400-479	Mva, overføring kommunar	175 370,91	50 000,00	50 000,00	499 494,59
4900	Reserverte løyvingar				
15	Sum driftsutgifter	7 087 204,22	6 724 000,00	6 724 000,00	7 693 560,18
16	Brutto driftsresultat	137 830,28	11 000,00	11 000,00	563 575,84
17 900-909	Renteinntekter				
18 920-929	Motteke avdrag på utlån	-44 246,00	-11 000,00	-11 000,00	-57 850,00
19 500-509	Renteutgifter og låneomkostningar	1 650,00			980,00
20 510-519	Avdrag på lån				
21 520-529	Avsetning eigenkapital, KLP	22 337,00			24 837,00
22	Netto finansinntekter/-utgifter	-20 259,00	-11 000,00	-11 000,00	-32 033,00
23 590	Avskrivingar				
24 990	Motpost avskrivingar				
25	Netto driftsresultat	117 571,28	0,00	0,00	531 542,84

Rekneskapssjema - Balanse Kryss Revisjon			
A	Kap. 2.2	Anleggsmidler	
	2.27 - 2.29	Fast eiendom og anlegg	2012 2 011
	2.24 - 2.26	Utstyr, maskiner og transportmidlar	
	2.22 - 2.23	Utlån	
	2.21 -	Aksjer og andelar	268 428,00 246 091,00
		Sum anleggsmidler	268 428,00 246 091,00
B	Kap. 2.1	Omløpsmidlar	
	2.13 - 2.17	Kortsiktige fordringar	191 195,53 262 380,37
	2.18 -	Aksjer og andelar	
	2.12 -	Sertifikater	
	2.11 -	Obligasjonar	
	2.10 -	Kasse, bankinskot	925 529,68 1 085 815,47
		Sum omløpsmidlar	1 116 725,21 1 348 195,84
C		Eigendelar	1 385 153,21 1 594 286,84
D	Kap 2.5	Eigenkapital	
	2.56 - 2.58	Disposisjonsfond	-274 211,99 -274 211,99
	2.51 - 2.52	Bundne driftsfond	
	2.53 - 2.54	Ubundne driftsfond	
	2.55 -	Bundne investeringsfond	
	2.5950 -	Rekneskapsmessig mindreforbruk	
	2.5900 -	Rekneskapsmessig meirforbruk	117 571,28
	2.5980 -	Likviditetsreserve	
	2.5990 -	Kapitalkonto	-268 428,00 -246 091,00
		Sum eigenkapital	-425 068,71 -520 302,99
E	Kap. 2.4	Langsiktig gjeld	
	2.41 - 2.42	Ihendehavarobligasjonar	
	2.43 - 2.44	Sertifikatlån	
	2.45 - 2.49	Andre lån	
		Sum langsiktig gjeld	0,00 0,00
F	Kap 2.3	Kortsiktig gjeld	
	2.31 -	Kassakredittlån	
	2.32 - 2.39	Anna kortsiktig gjeld	-960 084,50 -1 073 983,85
		Sum kortsiktig gjeld	-960 084,50 -1 073 983,85
G		Sum gjeld og eigenkapital	-1 385 153,21 -1 594 286,84
	Kap 2.9	Memoriakonti	
	2.9100 -	Ubrukte lånemidler	
	2.9200 - 2.9899	Andre memoriakonti	
	2.999 -	Motkonto for memoriakontiane	
			0,00 0,00

Førde 31.12.2012

Førde 13.03.2013


Agnar Ashes

Kommunerevisjonen
Ytre Agnør, Sunnfjord
Fosbølsgate 4, 601 Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef


Terje Guddal

BALANSEREKNESKAP FOR KRYSS REVISJON 31.12.2012

Konto	Konto (T)	Spes	Spes (T)	Beløp
21020000	Bankkonto folio			676 807,88
21020100	Bankkonto OCR			14 786,80
21098000	Skattetrekk			233 935,00
21310101	Feriepenger av sjukeløn			1 246,00
21314002	Inngående MVA			14 578,62
21314007	MVA-kompensasjon NY			175 370,91
22141001	Eigenkapitaltilskot	1020	Eigenkapitalinnskot	268 428,00
23214001	Skattetrekk			-233 935,00
23214002	Utgående mva. §11.2			-37 625,00
23275161	Tariffesta OU fond			-7 599,34
23275181	Feriepenger ferieår			-450 370,44
23275183	Arb.gj.avg. ferieår			-47 739,26
23299180	Avsett arb.gj.avg. pliktig løn			-133 313,00
23299998	Leverandørreskontro			-49 502,46
25699700	Disposisjonsfond	1030	Disp.fond	-274 211,99
25900000	Rekneskapsmessig meirforbruk	1050	Underskot	117 571,28
25990001	Kapitalkonto	1060	Kapitalkto	-268 428,00
				0,00

Førde, 31.12.2012

15. februar 2013

13.03.2013
 Kommunerevisjonen
 Ytre Fogo og Sunnfjord
 74 boks 47/4201 Førde

 Dagleg leiar/Revisjonssjef

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR KRYSS REVISJON 2012

Note 1. Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar:

KRYSS Revisjon sitt rekneskap er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber bl.a. at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og anordningsprinsippet. Det betyr at alle kjende inntekter og utgifter vert tekne med i driftsrekneskapen om dei er betalt eller ikkje ved årsskiftet. I Balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter prinsippet om lågaste verdi. Det er i 2011/2012 føreteke endringar i artskontoplanen som gjer at rekneskapen er meir spesifisert enn budsjettet; dette pga felles artskontoplan i 'FØYS-samarbeidet' (som rekneskapsfører Førde kommune er ein sentral del av).

Note 2. Løns- og personalutgifter

Består av følgende postar:	2012	2011	2010	2009
Løner	4 202 644,-	4 617 275,-	3 924 059,-	3 701 182,-
Folketrygdavgift	533 803,-	510 958,-	411 369,-	436 129,-
Pensjonsutgifter	841 957,-	648 005,-	605 112,-	592 720,-
Andre lønsutgifter				
Sum løns- og personalutgifter	5.578.404,-	5 776 238,-	4 940 540,-	4 730 031,-

Når ein vurderer lønskostnadene i 2012, og samanliknar med driftsåret 2011, må ein ta i betraktning at ein i delar av året 2011 var to tilsette ute i svangerskapspermisjon. Desse har fått løn utbetalt via selskapet, men som det seinere er komnt refusjon for. Ein må såleis ta omsyn til sjukepengerefusjonar og fødselspenger som er inntektsført i rekneskapen i 2011, når ein vurderer lønskostnadene i 2012 opp imot løn i 2011; - jfr tabellen ovanfor.

Note 3. Pensjonsforpliktingar:

Alle tilsette er knytta til felles kommunal pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Arbeidsgjevar sin andel av premien er utgiftsført med kr. 841.957,-, mot budsjettet kr. 612.000,-. Dette representerer ein vesentleg auke i forhold til budsjettet, og skuldast at *auken i reguleringspremien* som er betalt i 2012, utgjør nesten kr. 200.000,-. Betalt reguleringspremie i 2011 utgjorde kr. 314.978,-, medan tilsvarende reguleringspremie i 2012 er betalt med kr. 513.377,-. Dei tilsette betaler inn 2 % av premien. Dette vert trekt frå den tilsette i månadlege lønsutbetalingar. Innbetalt eigenkapitalinnskot til KLP i 2012 utgjør kr. 22.337,- mot kr. 24.837,- i 2011.

Note 4. Bundne midlar:

I posten bankinnskot inngår skattetrekkmidlar med kr. 233.935,-.

Note 5. Årsresultat, avsetningar og bruk av avsetningar:

	<u>Disposisjonsfond:</u>	<u>Bundne fond:</u>	<u>Sum 31.12.12 :</u>	<u>Sum 31.12.11:</u>
Saldo 1.1.12	274.211,-	0,-	274.211,-	341.355,-
Avsetningar	0,-	0,-	0,-	250.000,-
Bruk av				
Avsetningar	0,-	0,-	0,-	317.143,-
Saldo pr.				
31.12.	274.211,-	0,-	274.211,-	274.211,-

I 2012 er det ikkje rekneskapsført nokon bruk av dei tidlegare års avsetningar. Balanserekneskapen viser at sum avsette midlar utgjerk. 274.211,99. Dette er same beløp som årsrekneskapen for 2011 vart gjort opp med. Det er verd å merke seg at driftsrekneskapen for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig driftsunderskot som ikkje er dekkja inn ved årsskiftet. Beløpet er framført som eit udekkja underskot, og framkjem som eit resultat av ein vesentleg auke i reguleringspremien overfor KLP i 2012, som følgjer av svikt i KLP sin avkastning på fondskapitalen.

Årsunderskotet for 2012:

Ettersom driftsrekneskapen for 2012 er gjort opp med eit underskot, stort kr. 117.571,28, og dette kjem fram som eit resultat av auken i pensjonskostnadene og såleis ligg utanfor den ordinære driftssituasjon, vil ein måtte legge fram ei eigen inndeckingssak på dette overfor dei styrande organ i selskapet. Dette vil bli gjort i samband med handsaminga av årsrekneskapen for 2012 i Samstyret.

	Debet	Kredit
Note 6. Kapitalkonto		
Inngående balanse		246.091,00
Kjøp av aksjar og andelar i KLP (eigenkapitalinnskot)		22.337,00
Utgående balanse		268.428,00

Note 7. Endring i arbeidskapitalen - pr. 31.12.2012

	2012	2011	Endring
Balanserekneskapen			
2.1. Omløpsmidlar	1 116 725,21	1 348 195,84	
2.3. Kortsiktig gjeld	- 960 084,50	-1 073 983,85	
	156 640,71	274 211,99	117 571,28
Driftsrekneskapen			
Økonomisk oversikt drift:			
Driftsinntekter 600 – 899	- 6 949 373,94		
Driftsutgifter 001 – 499	7 087 204,22		
Avskrivningar 590	0,00		
Eksterne finansinntekter 900 – 921	- 44 246,00		
Eksterne finanskostnader 500 – 521	23 987,00		
Motpost avskrivningar	0,00		
Endring i arbeidskapitalen	117.571,29		117.571,29
			0,00

Note 8. Leigebilavtale

Vi fekk havari på leigebilen og ekstra kostnader her er framført delvis i 2011 og 2012. Det er skifta bil i 2012 der dette er avrekna i eit overgangssoppgjør med utleigefirmaet. Kontantinnskotet og framføring av ny leigeperiode gjer at ekstrakostnadene her (kr. 36.000,-) medfører eit overforbruk på denne arten i 2012 (art 12101). Forholdet er rapportert om omtale overfor Arbeidsutvalet og Samstyret i perioderapportar i 2012. Øvrige kostnader er i tråd med justert leigeavtale og Prisjustering.

Note 9. Fagleg oppdatering, kursdeltaking, reiseutgifter, mv.

Utgiftspost, art 11500, 'fagleg oppdatering, kurs, mv.' viser eit forbruk på kr. 113.154,06, mot budsjettert sum på kr. 130.000,-. Denne posten må sjåast i samanheng med art 11600 'reiseutgifter', (med budsjett kr. 160.000,-, og utgiftsført kr. 146.317,60). Jamfør her også andre reiseartar; - artane 11702 (skyssutgifter), 11703, (drivstoff leigebil), og 11705 (refusjon utlegg skyss/transport). Det er vanskeleg å eksakt budsjettere desse postane på detaljnivå, men samla sett er ein innafor budsjettet på desse artane.

Note 10. Inventar og utstyr

Det er i 2012 brukt kr. 71.560,40 til inventar og utstyr, mot ein budsjettert sum på kr. 50.000,-; jfr. her også posten for tilleggsløyvingar i 2012. Dette vert forklart med at ein i 2012 har måtte skifta ut fleire stasjonære og bærbar PC'ar pga reparasjonar og havari, og det same gjeld mobiltelefonar som tilsette skal bruke i jobbsamheng. Det er også føreteke diverse innkjøp av hyller, skap, m.v. og i tillegg har ein supplert dei tilsette med iPad, ettersom kommunane går meir og meir over til elektroniske sakskart, møteinnkallingar, og elektroniske arkiv. Funksjonaliteten i lesebreitta vil måtte bli utvida, med supplerande programvare i 2013, og det må påreknast kostnader til dette i framtidige årsbudsjett også for medarbeidarane i revisjonen.

Note 11. Husleige, straum, reinhald

For 2012 vart det på art 11900, Husleigeutgifter, budsjettert med samla sum på kr. 300.000,-. Dette skulle dekke husleigeutgifter for hovudkontoret i Førde, regionskontoret i Flora og regionskontoret i Hyllestad. Husleigene for kontora i Flora og Hyllestad har i seg vask/reinhald og straum. Her tek vi likevel del i andel felleskostnader. Når det gjeld straum og vask/reinhald ved hovudkontoret i Førde, er det egne avtaler med Sunnfjord Energi AS (straum) og ISS når det gjeld vask og reinhald. Desse utgiftene er rekneskapsført kvar for seg slik at ein lettare skal kunne budsjettere desse utgiftene framover. Sum bokført husleigeutgifter på art 11900 utgjer for 2012 kr. 292.738,20. Straumutgifter er bokført på art 11800 'Straum', med kr. 12.328,19, og gjeld hovudkontoret i Førde. Avrekning for kontoret i Hyllestad er ikkje kome. Øvrige kostnader er ført i art 11900. Når det gjeld vask og reinhald er det bokført på art 12600 med kr. 27.511,29, budsjettert kr. 25.000,-. Avrekninga frå Hyllestad (i 2013) vil ha i seg andel felleskostnader, som det må takast høgde for i framtidige årsbudsjett.

Note 12. IKT, Serverløyving, m.v.

I oktober 2011 vedtok Samstyret ein samarbeidsavtale med det interkommunale IKT-samarbeidet. Det er i 2012 gjort opp i tråd med avtalen, og i tillegg har vi hatt ein del uforutsett support pga defekte PC'ar (feilsøking, delvis reparasjonar, osv. – som likevel ende med utskifting av materiell; jfr. merknad i note 10). Det er utgiftsført kr. 33.245,60, mot budsjett kr. 18.000,-. Framtidige årsbudsjett må justerast i tråd med avtalen med SYS IKT.

Note 13. InntektspostaneSjukepengar/fødselspengar:

Sjukefråværet er lite og det er gjenspeila i rekneskapen. Det er små beløp i refusjonar på desse artane.

Overføringar frå kommunane:

Revisjonshonorara frå eigarkommunane utgjer kr. 6.152.000,-. Dette er minimal endring i høve det som var lagt i budsjettet for 2012. Det må her takast omsyn til at meirkostnader i 2012, ikkje er dekkja inn pr. 31.12.12. Dette fordi Samstyret må ta stilling til korleis dette skal gjerast. Underskotet for 2012 er på kr. 117.571,28, og skuldast meirksamlingar på pensjonskostnadene i 2012. Dette kan dekkast av avsette midlar, eller krevjast inn frå eigarane i etterkant av rekneskapsgodkjenninga for 2012. Samstyret tek stilling til dette i mai-møtet i 2013; - jfr. det som er teke inn i Note 14 nedanfor.

Overføringer frå andre:

Det vert vist til spesifisert artskontoplan for inntektene. Avgiftspliktig omsetning vert ført på art 16500, og viser inntekter med kr. 150.500,-, mot eit budsjett på 146.000,-. Overføringer frå andre, føretak, særbedrifter, m. m., viser inntekter med høvesvis kr. 228.329,03 (17700) og kr. 241.000,- (art 17800). Dei korresponderande budsjettala viser kr. 50.000,- og kr. 365.000,-. Det må gjerast merksam på at det her er inntektsført særskilde refusjonskrav overfor domstolane; dvs. betalt frå Fjordane Tingrett og Oslo Tingrett, i samband med dokumentframlegging og vitneforklaringar i Terra-saka. Korkje ressursbruken eller krava var mogleg å budsjettere. Forutan ordinære reise-dekning utgjer inntektsføringa kring kr. 70.000,-. (Opprinneleg krav var på ca kr. 99.000,- ekskl. mva., men domstolane godtok ikkje dette med referanse til reglane kring dette i domstolane). Det er dagleg leiar si oppfatning at desse inntektspostane må sjåast i samanheng når ein vurderer bokførte inntekter opp imot budsjettert sum i 2012 på den einskild art/konto.

Refusjon av meirverdiavgift:

Samla sum refunderbar meirverdiavgift går fram av både utgiftssida og inntektssida. For 2012 utgjer sum refusjonskrav meirverdiavgift etter momskompensasjonsregimet kr. 175.370,91.

Finansinntekter/Renteinntekter:

Det er i 202 inntektsført renteinntekter med kr. 44.246,-, mot budsjettert kr. 11.000,-. Dette vert forklart med stort sett rettidige innbetalingar frå kommunane og oppdraga, og den generelle rentenivået i bankmarknaden

Note 14. Interne finansieringstransaksjonar

Bruk av interne finansieringstransaksjonar er artar som vert nytta for å synleggjere/bokføre bruk av avsetningar eller tilføring av avsetningar til eigenkapitalen. Slik rekneskapen er presentert på detaljnivå, blåser desse transaksjonspostane opp både utgiftssida og inntektssida i rekneskapen.

I 2012 kjem driftsrekneskapen ut med eit negativt netto driftsresultat på kr. 117.571,28, som åleine skuldast ein vesentleg - og ikkje forutsett - auke i reguleringspremien overfor Kommunal Landspensjonskasse. Driftsunderskotet er framført som udekkast ved årsskiftet og det ligg til Samstyret å bestemme korleis dette skal inndeckast budsjettmessig. Dette blir teke inn i rekneskapssaka når den kjem til realitetshandsaming i Arbeidsutvalet og Samstyret våren 2013.

Dersom ein nyttar fordelingsreglane og statusen i oppgjeret elles for 2012, vil den einskilde kommune sin andel i driftsunderskotet sjå slik ut:

Askvoll	9 469,00	Førde	13 417,00	Jølster	10 225,00	
Bremanger	11 763,00	Gaular	10 503,00	Naustdal	8 439,00	
Fjaler	11 702,00	Gulen	11 643,00	Solund	7 768,00	
Flora	13 180,00	Hyllestad	9 462,00			Samla sum:
Sum	46 114,00	Sum	45 025,00	Sum	26 432,00	117 572,00

I den kommunevise fordelinga ovanfor er det lagt til grunn medgått tid-faktoren som fordelingsoppgjer av driftsunderskotet for 2012. Dette er tilnærma lik det som var lagt til grunn i opprinnelege fordeling kommunane imellom då budsjettet for 2012 vart vedteke. Dette er eitt av dei alternativa som dagleg leiar vil legge fram for Samstyret i samband med realitetshandsaminga av årsrekneskapen for 2012 og korleis driftsunderskotet eventuelt skal inndeckast. Eit anna alternativ er å nytte avsette midlar til å finansiere opp meirforbruket i 2012.

Note 15. Kommunespesifikasjon av honorarstørrelser fordelt i 2012

Kommunespesifikasjon av honorarstørrelser 2012 : \\Rek2012\Samanstilling\KRYSS.xls / t13									
						Bruttokostnad	7 111 191,22		
Sum kostnader i årsrekneskapen for 2012, til fordeling på kommunane:						Andre Inntekte	841 619,94		
							117 571,28		
Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.							6 152 000,00		
Kommune nr./namn:	Folketal 311212	Fordeling 1/4 fast	Fordeling 1/4 folketal	Ressursfordeling	Faktor rekna medgått tid	Endeleg fordelt 2012	Til samanlikning		
							Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Reknesk 2010
1401 Flora	11697	139 818,18	379 623,67	11,211	344 819,60	864 261,45	864 200,00	843 600,00	781 500,00
1411 Gulen	2305	139 818,18	74 808,29	9,903	304 616,28	519 242,75	518 600,00	506 100,00	469 500,00
1412 Solund	842	139 818,18	27 326,93	6,606	203 196,80	370 341,91	370 200,00	348 050,00	323 500,00
1413 Hyllestad	1428	139 818,18	46 345,44	8,048	247 559,88	433 723,50	433 200,00	423 800,00	392 200,00
1428 Askvoll	3028	139 818,18	98 273,10	8,054	247 747,82	485 839,10	485 500,00	473 050,00	439 000,00
1429 Fjaler	2871	139 818,18	93 177,70	9,953	306 169,36	539 165,24	539 400,00	526 500,00	490 500,00
1430 Gaular	2923	139 818,18	94 865,35	8,933	274 788,48	509 472,01	509 800,00	496 350,00	461 600,00
1431 Jølster	3078	139 818,18	99 895,84	8,697	267 527,44	507 241,46	507 500,00	493 300,00	458 800,00
1432 Førde	12559	139 818,18	407 599,70	11,412	351 040,48	898 458,36	897 800,00	871 550,00	813 000,00
1433 Naustdal	2713	139 818,18	88 049,84	7,178	220 798,28	448 666,30	449 500,00	437 450,00	407 000,00
1438 Bremanger	3945	139 818,18	128 034,14	10,005	307 735,60	575 587,92	576 300,00	569 300,00	529 000,00
	47389	1 537 999,98	1 538 000,00	100,000	3 076 000,02	6 152 000,00	6 152 000,00	5 989 050,00	5 780 000,00

Honorarstørrelsane for dei kommunale særbedrifter, føretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er trekt ut før fordeling på kommunane. Også andre inntekter, som t.d. renteinntekter og overføringar frå andre er også trekt ifrå før berekninga av endelege revisjonshonorar for 2012 for eigarkommunane. Dette betyr at bruttoutgiftene er frårekna alle andre inntekter, slik at rest som er til fordeling på eigarkommunane er nettoutgiftene for 2012 (iflg. vedtektene). For Bremanger er ekstraordinært arbeid knytta til dokumentframlegging og vitneforklaringar hos domstolane i 2012, Fjordane Tingrett og Oslo Tingrett, for det som gjeld 'Terra-saka, og som ikkje er dekkja ressursbruk frå domstolane si side, framført som eigen sak overfor kommunen. Det same gjeld den ekstraordinære ressursbelastninga som den såkalla 'Revisorsaka i Bremanger' har påført KRYSS Revisjon med bl.a. ekstraordinært møte i Samstyret, særskilde sakshandsamingar og 3 ekstraordinære møter med Bremanger kommune sitt 'Forhandlingsutval'. Dette er ekstraordinære saker påført av eit oppdrag, som det etter vedtektene og fordelingsreglane ikkje er anledning til å fordele på normalt vis på alle eigarkommunane. Denne delen av kostnadene og ressursbelastningane ligg utanfor dei ordinære revisjons- og rådgjevingstenester og bør ikkje fordelast på dei øvrige oppdraga. Denne ressursbruken bør Bremanger kommune bæreleine. Det vert framført eigen sak kring dette via Arbeidsutvalet/Samstyret i 2013, slik Samstyret har lagt føringar for i oktober 2012.

Førde den 31. desember 2012 / 13. mars 2013

Det vert for øvrig vist til Årsrapporten for KRYSS Revisjon for 2012, d. 13.03.2013

Førde 31.12.2012/13.03.2013

Kommunerevisjonen
Våre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde


Terje Førde leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kommunespesifikasjon av honorarstørrelser 2012 :

\\Rek2012\Samanstilling\KRYSS.xls / tf13

Sum kostnader i årsrekneskapen for 2012, til fordeling på kommunane:				6 152 000,00		Bruttokostnad		7 111 191,22	
						Andre inntekter		841 619,94	
								117 571,28	
Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.								6 152 000,00	
Kommune nr./namn:	Folketal 311212	Fordeling 1/4 fast	Fordeling 1/4 folketal	Ressurs fordeling	Faktor rekna medgått tid	Endeleg fordelt 2012	Til samanlikning		
							Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Reknesk 2010
1401 Flora	11697	139 818,18	379 623,67	11,211	344 819,60	864 261,45	864 200,00	843 600,00	781 500,00
1411 Gulen	2305	139 818,18	74 808,29	9,903	304 616,28	519 242,75	518 600,00	506 100,00	469 500,00
1412 Solund	842	139 818,18	27 326,93	6,606	203 196,80	370 341,91	370 200,00	348 050,00	323 500,00
1413 Hyllestad	1428	139 818,18	46 345,44	8,048	247 559,88	433 723,50	433 200,00	423 800,00	392 200,00
1428 Askvoll	3028	139 818,18	98 273,10	8,054	247 747,82	485 839,10	485 500,00	473 050,00	439 000,00
1429 Fjaler	2871	139 818,18	93 177,70	9,953	306 169,36	539 165,24	539 400,00	526 500,00	490 500,00
1430 Gaular	2923	139 818,18	94 865,35	8,933	274 788,48	509 472,01	509 800,00	496 350,00	461 600,00
1431 Jølster	3078	139 818,18	99 895,84	8,697	267 527,44	507 241,46	507 500,00	493 300,00	458 800,00
1432 Førde	12559	139 818,18	407 599,70	11,412	351 040,48	898 458,36	897 800,00	871 550,00	813 000,00
1433 Naustdal	2713	139 818,18	88 049,84	7,178	220 798,28	448 666,30	449 500,00	437 450,00	407 000,00
1438 Bremanger	3945	139 818,18	128 034,14	10,005	307 735,60	575 587,92	576 300,00	569 300,00	529 000,00
	47389	1 537 999,98	1 538 000,00	100,000	3 076 000,02	6 152 000,00	6 152 000,00	5 989 050,00	5 780 000,00

Honorarstørrelsane for dei kommunale særbedrifter, føretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er trekt ut før fordeling på kommunane. Også andre inntekter, som t.d. renteinntekter og overføringar frå andre er også trekt ifrå før berekninga av endelege revisjonshonorar for 2012 for eigarkommunane. Dette betyr at bruttoutgiftene er frårekna alle andre inntekter, slik at rest som er til fordeling på eigarkommunane er nettoutgiftene for 2012 (iflg. vedtektene). For Bremanger er ekstraordinært arbeid knytta til dokumentframlegging og vitneforklaringar hos domstolane i 2012, Fjordane Tingrett og Oslo Tingrett, for det som gjeld Terra-saka, og som ikkje er dekkja ressursbruk frå domstolane si side, framført som eigen sak overfor kommunen. Det same gjeld den ekstraordinære ressursbelastninga som den såkalla 'Revisorsaka i Bremanger' har påført KRYSS Revisjon med bl.a. ekstraordinært møte i Samstyret, særskilde sakshandsamingar og 3 ekstraordinære møter med Bremanger kommune sitt 'Forhandlingsutval'. Dette er ekstraordinære saker påført av eit oppdrag, som det etter vedtektene og fordelingsreglane ikkje er anledning til å fordele på normalt vis på alle eigarkommunane. Denne delen av kostnadene og ressursbelastningane ligg utanfor dei ordinære revisjons- og rådgjevingstenester og bør ikkje fordelast på dei øvrige oppdraga. Denne ressursbruken bør Bremanger kommune bære aleine. Det vert framført eigen sak kring dette via Arbeidsutvalet/Samstyret i 2013, slik Samstyret har lagt føringar for i oktober 2012.

Førde den 31. desember 2012 / 13. mars 2013

Yngve Segen og Sumnifjord

Medlemmer av KRYSS Revisjon



Dagleg leiar/Revisjonssjef

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON
Dato: 19.03.2013 Off.
Saknr. 033/2013 Reg.
Arkiv: 210214
Avd.kodet 1499
Saksbehandlar: S.F.

Til
Styret for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS)

Revisjonsmelding 2012

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale samarbeidet KRYSS som viser eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 117 571,28 . Rekneskapen er samansett av balanse, driftsrekneskap, balanse, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for samarbeidet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei

Org.nr:	Kommune:	Adresse:	Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	57 88 58 87
	GLOPPEN	Postboks 300	57 00 92 64
E-postadresse:	HORNINDAL	Postboks 24	57 87 98 08
revisor@stryn.kommune.no	SELJE		97 99 04 26
	STRYN	Tonningsgata 4	57 87 48 18 -19
	VÅGSØY	Postboks 294	57 84 50 29
		6770 Nordfjordeid	
		6821 Sandane	
		6761 Hornindal	
		6740 Selje	
		6783 Stryn	
		6701 Måløy	

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

mening om effektiviteten av samarbeidet sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til samarbeidet per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 19.03.2012



Markvard Sunde

Revisjonssjef

SM 14-13

www.softeater.no

postboks 324

Sogn og Fjordane Teater

6802 Førde

telefon 909 90 600

post@softeater.no



kontonr. 5368 05 06678 / org nr. NO 929 181 557

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
v/Kulturdirektøren
Postboks 173
6801 FØRDE

Førde 22. mai 2013
J.nr. 68 /2013

FØRDE KOMMUNE
v/Rådmannen
6800 FØRDE

INKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING FOR SOGN OG FJORDANE TEATER L/L

Vi kallar inn til ordinær generalforsamling i selskapet **måndag 10. juni 2013 kl 1000**.
Møtestad: Teatret sine lokale i Førdehuset.

SAKLISTE

- | | |
|----------------|---|
| SAK 1: | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| SAK 2A: | Val av møteleiar |
| SAK 2B: | Val av ein til å føre protokollen |
| SAK 3A: | Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse |
| SAK 3B: | Godkjenning av styret si årsmelding |
| SAK 3C: | Disponering av årsresultat |
| SAK 4: | Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret |
| SAK 5: | Val av revisor |
| SAK 6: | Fastsetjing av godtgjersle til revisor og styremedlemmer |

Med venleg helsing
SOGN OG FJORDANE TEATER L/L

Håkon Fimland (sign.)
leiar

Terje Lyngstad
Terje Lyngstad
teatersjef

Vedlegg: Årsmelding 2012

Kopi: Det kongelege kultur- og kyrkjedepartement, Postboks 8030 Dep, 0030 OSLO
SEKOM – sekretariat, Hafstadvegen 21, Pb. 338, 6802 Førde



Rekneskapsåret 2012

Sogn og Fjordane Teater L/L
Org. nr: 929 181 557

Innhald:

Årsmelding - Årsrekneskap - Revisjonsmelding



Sirkus Saragossa, urpremière 27.09.12. Janny Hoff Brekke og Helge Jordal. Foto: Olav Reiakvam.

Styret si årsmelding

Kunstnarisk var 2012 eit godt år for Sogn og Fjordane Teater (SoFt). Samstundes som besøkstalet var svakare enn venta. 12 607 menneske såg teatrets framsyningar i 2012, om lag halvparten av publikumstalet i 2011. Dei siste åra har talet på publikum ved SoFt svinga frå 10 300 (2010) på det svakaste, til over 25 000 (2011) på det beste. Over år ligg besøket gjennomsnittleg på rundt 16 000 til 17 000 tilskodarar, noko vi vurderer som godt i eit fylke med eit folketal på ca. 108 000.

Teatret har vore involvert i ti produksjonar, der fire var eigenproduksjonar. Tre av produksjonane vart til gjennom ulike typar samarbeid med andre: Kinnaspelet av Rolf Losnegård med Kinnaspelkomiteen, Urmakarens hjarte av Miriam Prestøy Lie med Sandsund/Lie Teaterproduksjonar, og Susanna frå Sunnfjord med Jorunn Torsheim. Teatret mottok tre gjestespel: Min forestilling om mor av og med Bente Børsum, Mitt liv som mann av og med Geddy Aniksdal og Fritjof Fomlesen av og med Lars Vik. Totalt viste teatret 176 framsyningar. 31 av desse vart spelte i eigen sal i Førde, medan 145 framsyningar vart spelte på turné.

Teatret har i 2012 arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny dramatikk. To av produksjonane hadde urpremière. Den eine var Absolutt Per av Rolf Losnegård, Bodil Kvamme og Ola B. Johannessen, ein musikalsk hyllest til teatrets komponist, Per Janke Jørgensen. Den andre var Sirkus Saragossa av Camilla Hübbe.

Teateråret starta med Absolutt Per i regi av Ola B. Johannessen. Stykket fekk ikkje det store publikummet teatret hadde håpa på, men var rimeleg godt besøkt. Pressa og publikum tok godt imot framsyninga.

Teatret turnerte Urmakarens hjarte i Sogn og Fjordane, før framsyninga vart vist på Det Norske Teatret i Oslo. Det viste seg å vere svært utfordrande å få publikum til dette stykket på opne framsyningar. Ei av årsakene var at det vart sett ei aldersgrense på 9 år. I Oslo var stykket betre besøkt.

I 2010 sette teatret opp eit stykke om Matias Orheim, ein kjend salmediktar frå området som m.a. var blind og spelte på glas. Framsyninga vart spelt i kyrkjer i Sogn og Fjordane og viste seg å vere populær. Sidan deler av turnéen dette året vart avlyst pga. sjukdom, valde teatret å ta opp att stykket i 2012. Denne gongen vart det spelt i Sogn og Fjordane, m.a. på dei stadene som misste framsyninga i 2010, og i Møre og Romsdal og Hordaland. Forventningane våre om svært høge besøkstal slo feil, men publikumstala var ikkje direkte dårlege heller.

Vår eigen fast tilsette skodespelar, Kyrre Eikås Ottersen, heldt fram med å turnere Du ana'kje av Aslak Moe, til skulane rundt om i fylket. Stykket byggjer på samtaler med Tor Henning Karlsen, som gjennom heile oppveksten vart utsett for mobbing. Det vart spelt som klasseromsteater, med plass til 25 elevar under kvar framsyning. Tilbodet var så populært at det vart spelt 45 gongar i 2010. Frå februar til juni i 2011 vart det spelt 101 gongar, og sett av nærmare 3 000 elevar. Med 31 framsyningar i 2012 har det blitt spelt 177 gongar for over 4000 personar.

Tradisjonen tru hadde teatret det kunstnariske ansvaret for Kinnaspelet - Songen ved det store djup av Rolf Losnegård. Spelet vart vist for 28. år på rad. Besøket var rimeleg bra, ca. 2 000 tilskodarar såg spelet dei to dagane det gjekk i midten av juni. Ein av grunnane til det gode besøket var at Bjarte Hjelmeland og Agnete Haaland

stod på rollelista. Hausten starta med Sirkus Saragossa av Camilla Hübbe. Stykket vart spelt som opne familieframsyningar på kveldstid. Sirkus Saragossa fekk gode kritikkar, og med få unntak var publikumstalet på dei ulike turnestadene gode.

Personale

Teatret hadde 17 fast tilsette pr. 31.12.12. Gjennom året var det engasjert frilans personale og vikarar som til saman utgjorde 9,29 årsverk. Samla årsverk engasjert ved teatret i 2012 var difor 26,29. Teatret har i 2012 hatt ein lærling i kostymesyarfaget på systova.

2012 var Terje Lyngstad sitt 9. år som teatersjef.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teatret er ei IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og er tilslutta AKA (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Totalt sjukefråvær i 2012 var 325 dagar, dette svarar til ca 7,35 % av total arbeidstid i året. Tilsvarende tal for 2011 var 476 dagar og 10,5 % av total arbeidstid. Det har ikkje vore meldt skader eller ulykker på personale i 2012.

SoFt har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 10,66 årsverk kvinner og 15,63 årsverk menn. Teatersjef og styreleiar er begge menn. Styret består av tre menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er to kvinner og tre menn. Av kunstnarisk personale brukte teatret 4,41 kvinnelege og 6,09 mannlege årsverk i 2012.

Eigedelar og miljø

Teatret driv verksemda si i Førdehuset i Førde, der det leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale. Det leiger òg lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune.

Teatret eig to leilegheiter, tre lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teatret det. Anna teknisk utstyr i teatrets eige er i god stand. Det er ikkje meldt om skade på teatrets utstyr i 2012.

SoFt har halde fram som tidlegare med utleige av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket.

Teatret har som mål i all si verksemd å ikkje ureine det ytre miljøet.

Økonomi

Årsresultatet for 2012 viser eit underskot på kr 2.203.713,-. Det var budsjettert med eit underskot på kr 579.904,- såleis er resultatet kr 1.623.809,- dårlegare enn budsjettert.

Dette er i hovudsak på grunn av:

- billettinntekter lågare enn budsjettert kr 337 000,-

- personalkostnader høgare enn budsjettert kr. 1.102.000,-
- materialkostnader lågare enn budsjettert kr. 34.000,-
- driftskostnader høgare enn budsjettert kr 221 000,-

Det svake resultatet i 2012 svekkjer teateret sin eigenkapital slik at SoFt per 31.12.12 har ein eigenkapital på om lag kr 1,4 millionar. Teateret har ein eigenkapital som tåler naturlege svingingar i økonomien og uførutsette kostnader. Med eit underskot som er kr. 1.623.809,- meir enn budsjett, kan ikkje teateret seie at kostnadskontrollen har vore god nok i 2012. Det er fleire årsaker til dette: meir kunstnarisk personell enn budsjettert, fleire gjennomgåande kontrakter til kunstnarisk personale, vikarar for både økonomidirektør og produksjonsleiar i deler av 2012. SoFt tek det store underskotet alvorleg.

Samla driftsinntekter i 2012 var kr 25 433 454,- av dette er 5,3 % eigeninntekter. Teatret sine eigeninntekter i 2011 var på 5,6 %. Teatret har tilfredstillande likviditet.


Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde, 15. mai 2013



Håkon Finland
styreleiar

Iris Loftheim (sign.)
nestleiar

Ola Tarjei Kroken (sign.)
styremedlem


Kristine Lie
styremedlem


Per Janke-Jørgensen
vara for Kyrre Eikås Ottersen


Terje Lyngstad
teatersjef



Absolutt Per, urpremière 23.02.12. F.v. Jon Eikemo, Kathrine Lunde Mackenzie, Martin Leines, Madeleine Nilsen og Erik Wenberg Jacobsen

Repertoaret 2012

Du ana'kje
av Aslak Moe

Regi: Aslak Moe

Skodespelar:
Kyrre Eikås Ottersen – *Tor Henning Karlsen*

Framsyningar: 31

Absolutt Per
av Rolf Losnegård, Ola B. Johannessen og Bodil Kvamme

Komponist: Per Janke Jørgensen

Regi: Ola B. Johannessen

Scenografi og kostymedesign: Helge Hoff Monsen

Koreografi: Elin Høyholm

Lysdesign: Trygve Andersen

Skodespelarar/songarar: Jon Eikemo, Erik Wenberg Jacobsen, Martin Leines, Kathrine Lunde Mackenzie og Madeleine Nilsen (skodespelarane speler seg sjølve).

Urpremière: 23.02.12

Framsyningar: 25

Urmakarens hjarte
-ein eventyrthriller for born og unge
av Miriam Prestøy Lie

Regi: Torkil Sandsund
Scenografi og kostymedesign: Dordi Strøm
Lysdesign: Torkel Skjærven

Skodespelarar:
Per Vidar Anfinssen – *Flaggermus/tjernmann*
Laufey Elíasdóttir – *Gamle flaggermus/tjernmann/gjetar*
Morten Espeland – *Far/urmakar/hjartelaus/kraken*
Unni Løvlid – *Mor/Margyla/geita*
Irene Waage – *Runa*

Nypremière: 16.03.12
Framsyningar: 19



Urmakarens hjarte, nypremière 16.03.12. F.v: Laufey Elíasdóttir, Irene Waage og Per Vidar Anfinssen.
Foto: Olav Reiakvam.

Min forestilling om mor

Dramatisering og regi: Anne-Karen Hytten
Fiolin: Ragnhild Lien, Ingrid Berg Mehus og Susanne Schwarz
Scenografi: Christine Lohre
Omsetting: Annabella Despard
Lysdesign: Magnus Mikaelson

Produsent: Siri Braadland Harborg
Skodespelar: Bente Børsum

Gjestespel i Førde.
Framsyningar: 2

Matias Orheim
med ord, felespel og glasmusikk
av Mette Brantzeg og Norvald Tveit

Regi: Mette Brantzeg
Komponist og musikkarrangement: Per Janke Jørgensen
Scenografi og kostymedesign: Erik Annar Evensen

Skodespelarar:
Frode Rasmussen – *Matias Orheim*
Linda Øvrebø – *Marie Orheim*
Musikarar: Liv-Jorun Bergset og Randi Merete Roset (Draup) - glas
Gro Marie Svidal – fele
Oddmar Amundsen – gitar
Rolf Prestø – bass

Nypremière: 20.04.12
Framsyningar: 30

Kinnaspelet
songen ved det store djup
av Rolf Losnegård

Komponist: Per Janke Jørgensen
